

- LSU – Lokalt samarbeidsutval Volda

# HOSPITERING -2024

«Sju-stjerna» og Volda sjukehus  
saman om gode  
pasientforløp»



## Vellukka kultur for samhandling

Samhandlingskompetanse

Kjennskap og kunnskap om kvarandre – gjensidig erfaringsutveksling/Råbra Sikre god leiing som bidreg til endring

## Tydleggjering av utfordringsbilete og skape forbetring

Fokusert innsats /samhandling i høve til utfordringsbilete.  
Heilskaplege og samanhengande tenester/gode pasientforløp



## Rekruttering og felles kompetansebygging

Diskutere/utvikle framtidsutsikter, muligheter og utfordringer i lokal kontekst. Felles fagdagar/kompetanseplanar /hospitering/fagmøte/felles prosjekt/arbeide for desentralisert utdanning, LIS/ALIS. Sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse.

## Proaktiv i Helsefellesskapet

Vere ein proaktiv aktør; Kome med innspel, kritisk blikk og forbetningsforslag, samt jobbe for implementering av handlingsplanar og aktiv deling av info i Helsefellesskapet

## • Samhandlingskompetanse


Alle som arbeider i helsetenesta har plikt til å legge pasientperspektivet til grunn for sine handlingar: ein må kunne sjå utover eigen arbeidsstad og eigne faglege rammer




Pasientforløp/samhandling har som mål at alle system og tenester vert retta mot å hjelpe pasientane slik at dei kan meistre eige liv eller gjenopprette funksjonar/eigenmeistring i størst mogleg grad.

Forståing av kva som føregår i andre delar av helsetenesta fremjar samarbeidet og aukar evna til å organisere gode pasientforløp

# Mål med ordninga med gjensidig hospitering



- Sikre god oppgåve- og ansvarsfordeling for å sikre pasientane våre eit heilskapleg og godt behandelstilbod
- Styrke samhandlingskompetansen blant helsepersonell i kommunehelsetenesta og sjukehus ved å gi auka kunnskap om kvarandre sine arbeidsfelt og kompetanse
- Gi pasientane tenestetilbod på lågaste effektive omsorgsnivå, samt sikre kontinuitet og fagleg god kvalitet i tilboden
- Bygge faglege nettverk mellom helsepersonell på ulike nivå og mellom ulike fagprofesjonar
- Styrke den enkeltes fagkompetanse



# Kort om ordninga


- Eit tilbod til alt personell med helse- og sosialfagleg bakgrunn i Sju-stjerna og HMR Volda sjukehus.
- Hospiteringa kan gå over ein dag til ei veke ( fem virkedagar) i full stilling.
- Sjustjerna og HMR Volda sjukehus prioriterar 2 veker kvar vår og haust for å ta i mot hospitantar.
- Det er søknadsfrist to gangar per år – LSU bestemmer datoar/veker

## Økonomiske og juridiske tilhøve

Hospitanten beheld sine tariff og juridiske rettar hjå eigen arbeidsgjevar. Utgifter som kan vere aktuelle for arbeidsgjevar til hospitanten å dekke er differansen mellom redusert og full stilling i hospiteringsperioden, evt reiseutgifter og innleige av vikarar

# Gjennomføring og hospiteringsordning

## Koordinator og tilretteleggar




### For hospitantar i kommune:

- få orientering om gangen i eit pasientforløp internt og om det totale tilbodet i kommunen
- delta i heimesjukepleie
- delta i sjukeheim, kommunal øyeblikkeleg hjelp plass (KAD) og kortidsavdeling
- delta på tverrfaglege møte
- delta i forvaltningsoppgåver, koordinerande einingar


### For hospitantar på sjukehus:

- få orientering om gangen i eit pasientforløp internt og om det totale tilbodet på sjukehuset
- delta på poliklinikk
- delta på sengepost
- delta på tverrfaglege møter
- få innblikk i arbeidet med mottak av henvisning, ventelister, fristbrot osb.
- lærings- og meistringsarbeid



# Saksgang for søknad om hospitering (jf flytskjema)

1. Søkjarar (hospitant) fyller ut søknadsskjema elektronisk (Word-format), og sender det via e-post til nærmeste leiар. Det er viktig å fylle ut ønska tema og mål for hospiteringa og sette opp ønska hospiteringsstadar i prioritert rekkefølge.
2. Nærmeste leiар vedtek eller avslår søknader, skriver under på søknadsskjema og sender innvilga søknader elektronisk via e-post til koordinator internt i kommune/sjukehus.
3. Koordinator internt prioriterer blant innvilga søknader, skriver under på søknadsskjema og vidaresender aktuelle søknader elektronisk via e-post til samarbeidspartnaren koordinator for hospiteringsordninga i sjukehus/kommune.
4. Koordinator for hospiteringsordninga sorterer og gjer vidare avtalar med vertseininga for hospiteringa.
5. Leiар i vertseininga vedtek eller avslår søknaden, skriver under på søknadsskjema og sender det elektronisk via e-post til koordinator for hospiteringsordninga med kopi til tilretteleggar som må få tilgang til søknadsskjema slik at hospiteringsprogrammet blir lagt opp etter hospitanten sine ønsker og mål for hospiteringa.
6. Koordinator for hospiteringsordninga vidaresender innvilga og avslalte søknader elektronisk via e-post til samarbeidspartnar koordinator i kommune/sjukehus.
7. Koordinator internt informerer til søkeren og leiaren om søknad er avslått/vedtatt.



# Vedlegg

Hospitering – søknadskjema  
Evalueringskjema Hospitering

# VEDTAK

*LSU Volda tek saka til orientering.* Ein førebur at saka blir drøfta internt i sjukehuset og kommunar og at saka kjem opp som vedtakssak i neste LSU-møte (17. nov) med evt. innspel og endringar.

*Vedlegg: Utkast reetablering av hospiteringsordning Søre Sunnmøre*